



Roald Vatnøy
Litlevika 33
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6612 - 21/68125

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
13.10.2021

Mangelfull anmodning om forhåndskonferanse - gbnr 172/33 Hopland

Tiltak: Forhåndskonferanse
Byggjestad: Gbnr: 172/33
Tiltakshavar: Roald Vatnøy
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS

Førespurnaden om forhåndskonferanse inneheld ikkje nok dokumentasjon til at kommunen kan imøtekomme førespurnaden.

Føremålet med ein forhåndskonferanse er å avklare og diskutere føresetnadane for det aktuelle tiltaket og krav knytt til plangrunnlag, lovverk og saksgang for søknaden. Forhåndskonferansen skal sikre at de får den informasjonen de treng tidleg i planlegginga av byggeprosjektet.

Forhåndskonferansen er å sjå på som ei gjensidig orientering om eit tiltak og er ikkje rettsleg bindande i høve til vidare saksgang.

Førespurnaden om forhåndskonferanse inneheld ikkje nok dokumentasjon til at kommunen kan imøtekomme førespurnaden. For at de skal få størst mogeleg utbytte av møtet ber vi om at følgjande dokumentasjon vert lagt ved førespurnaden:

- Kva du skal byggje: kart, teikningar og skisser
- Kor stort du skal byggje: høgd, breidd, areal
- Kva du skal bruke byggverket til
- Informasjon om korleis du tenkjer å løyse veg, vatn, kloakk
- Konkrete spørsmål som de ynskjer svar på i møtet.

Med venleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.